



Arbeidet med dei to kloakkanlegga på Børnes og Korsnes er i rute ved årsskiftet.

Det lokale firma Sverre Myklebust Maskinstasjon tek seg av graving, utsprenging og attfylling og er underentreprenør for Byggservice på Sandvoll, som har ansvaret for det bygningstekniske.

Det starta i haust med at Myklebust sprengde bort 2.000 kubikkmeter fjell på Børnes og skaffa plass for den 'boksen' der slamavskillarane skal plasserast og som no er støypt av Byggservice (biletet over). Reinseanlegget vil liggja like ovanfor vegen der den går ned på kaien.

Myklebust har på si sida vore i arbeid på Korsnes ei tid og Sigmund Myklebust opplyser til uskedalen.no at dei vil starta att måndag og truleg vil ha tomte klar ein gong i neste veke (biletet under). Og då kan Byggservice ta til med sin del av oppgåva også der. Tomta ligg like innanfor vegkrysset i 'botnen' av Kalvedalsvegen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

